



HERØY VASSLAG SA  
Kvithaugsmyra 71  
6092 FOSNAVÅG  
Att.Ragnvald Kvalsvik

## Løyve til utslepp av spylevatten - Herøy Vasslag SA

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har behandla søknaden frå Herøy vasslag SA av 30 juni 2020 og har vedteke å gi løyve til verksemd etter forureiningslova på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår er vedlagt.**

Vi viser til søknad sendt inn 30.6.2020 og supplert 23.10.23 og 28.10.22 om løyve til utslepp frå vassbehandlingsanlegg på Moltu til sjø i Moltuvika, søknad om løyve regulerast av forureiningslova.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11 jf. § 16. Ved avgjerda om løyvet skal gis og ved fastsettinga av vilkåra, har Statsforvaltaren lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket og samanhaldt desse med fordelar og ulemper tiltaket vil medføre.

Aktivitetar og utsleppskomponentar frå verksemda som er antatt å ha miljømessig betyding, har vi regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet. Utslepp og komponentar som ikkje er regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med saksbehandlinga eller på annan måte må reknast å vere kjent då vedtaket blei gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1 til løyvet. For verksemdar som nyttar slike stoff som innsatsstoff, eller der slike stoff vert danna under produksjonen, er utslepp av stoffa berre omfatta av løyvet dersom dette går fram av vilkåra i løyvet.

Vi understrekar at all forureining frå verksemda isolert sett ikkje er ønska. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar bedrifta å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringsøknad må derfor føreligge i god tid før gjennomføring av ønska endring.

At det er gitt løyve til forureining, hindrar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skuldast forureininga, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, pliktar bedrifta å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Vi viser til [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) for informasjon om reglar som kan vere aktuelle for bedrifta.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

#### Saksframstilling og grunningjeving

##### Om saka

Vi gjer merksam på at dette er ein søknad om utsleppsløyve til sjø, Statsforvaltaren har ved behandling av dette løyvet ikkje mynde til å regulere Herøy Vasslag SA sitt behandlingsanlegg på Moltu eller vasstankar som er knytt til dette. Det er heller ikkje gitt føringar på legging av leidning frå anlegget til sjø, da dette vil vere ein del av plansaka. Det er søkt om løyve til utslepp av spylevatten frå behandlingsanlegget til sjø. Statsforvaltaren si oppgåve er å vurdere om utsleppet vil føre til ein forureining i sjø som har ein større negativ konsekvens enn den samfunnsnyttan det er å reinse vatten. Det er i løyve gitt vilkår som skal oppfyllest for at verksemda skal drive lovleg.

Herøy Vasslag SA leverer drikkevatt til 5000 personar, samt industri, institusjonar og kommunesenter i Fosnavåg. Herøy Vasslag SA har søkt om utsleppsløyve med bakgrunn i utviding av vassbehandlings-anlegget for drikkevatt på Moltu. Dei brukar Mørkevattnet som vasskjelde og skal fjerne humus frå vatnet før det vert distribuert, for å gjere dette vil det bli bygd 8 filter, kor 4 vil vere i kontinuerleg bruk. Prosessen består av tilsetjing av Lut (NaOH) og polyaluminiumklorid (Kemira PAX-18) til råvatn før felling i sandfilter, etter filter vil vatnet gå gjennom UV-filter og ny tilsats av lut for å justere pH. Filtera har behov for spyling for å fjerne humus og det er søkt om løyve til utslepp av dette spylevatten.

#### **Plan**

Området er i kommuneplan satt av til NFFA og kommunen har kommentert at så lenge utsleppet ikkje fører til endra bruk av området, da spesielt med tanke på påverking av strandsona vil utsleppet ikkje vere i strid med plan.

## Om Moltuvika

Moltuvika i Herøy kommune er ei grunn vik av Herøyfjorden, ein om lag åtte kilometer lang og to kilometer brei fjord som er 175 m djup på det djupaste. Botnen i Moltuvika heller sakte ned mot djup på 40 – 50 m ein halv kilometer frå land. Den indre vika har djup ned mot 45 m, avgrensa av ein terskel på ca. 36 m djup. Lenger ut kjem andre små basseng på 50-70 m djup, med tersklar som er opp til 15 meter grunnare.

I vest grensar vika til eit større gruntområde rundt Langholmene, som avgrensar tilførsel av nytt vatn den vegen til berre øvre vasslag. Mot nord er vika open og eksponert, med grunnaste barrierar for vassutskifting på 35 m. Vika har periodevis relativ stor tilførsel av ferskvatn via fire elver, men hydrografiprofilane viser ikkje eit brakt lag. Dette tyder på at gjennomstrøyminga i vika er god, i alle fall i øvre lag.

Testen som Runde Miljøsester gjorde, viser at utsleppet som blir i rør frå reinseanlegget mest sannsynleg ikkje vil komme til overflata, og sjølv ved ein låg gjennomsnittstraum på 4 cm/s gir ei effektiv fortykning. Straumen vil bidra til transport og spreiding av avløpsvatnet, og denne transporten vil som oftast ha tendens til å gå i vestleg retning.

Prøver som verte tatt syner at mengde organisk materialar i sedimentet tilsvara kategorien «dårleg/ meget dårleg» i følgje klassefiseringsystemet. Organisk materiale i sediment er ein av fleire indikatorar som inngår i ei heilskapleg vurdering av miljøtilstanden i følgje Vanndirektivet (2018).

## Om Aluminium og Kemira PAX-18

Aluminium (Al) er det vanlegaste grunnstoff og utgjer 8% av jordskorpa, det førekjem rikeleg i det terrestriske miljø samt i botnsediment. Konsentrasjon på 3-8% (30000-80000 ppm) er ikkje uvanleg. Det relative bidraget av antropogent aluminium i eksisterande naturlege førekomstar i jord og botnsediment er svært lite, og spiller derfor ikkje ein betydeleg rolle, i form av ekstra mengde, eller i form av toksisitet.

Kemira Pax-18 Polyaluminiumklorid løysning betraktast som eit stoff der man ikkje trenger å bekymre seg for langtidseffektar for økosystem i vatn. Grunnen til dette er rask danning av uløselege hydroksidar. Ved botnfall i sjø vil verdien av den anslått trygge konsentrasjonen variere avhengig av tilhøve som pH og innhald av organisk materiale.

Det er ikkje venta at stoffet vil bioakkumulere. Kemira PAX-18 er ikkje klassifisert som farleg for omgjevnaden. På miljørelevante pH-verdiar på 5,5 - 8 har aluminium låg oppløysing. Ved ein pH frå 6 -7,5 reduserast evna til å løyse seg på grunn av at den uløselege forbindelsen  $Al(OH)_3$  er til stade. Ved pH høgare enn 8 er det meir oppløselege bindingar av  $Al(OH)_4$  som igjen aukar tilgjengelegheita. Det er med dette ikkje venta at Kemira PAX-18 vil bioakkumulere.

FHI gav godkjenning til bruk av Kemira PAX-18 polyaluminiumhydroksyklorid, Kemira Chemicals A/S i drikkevatt den 23.05.2003.

Mattilsynet har 15.5.2017 godkjent bruk av Kemira PAX-18 polyaluminiumhydroksyklorid til bruk i drikkevatt ihht. ISO 9001:2008 og 14001:2004.

## Naturbase

Ved søk i naturbase finn ein at det er registrert fleire raudlista sjøfuglartar i området: fiskemåse, gråmåse, ærfugl, tjuvjo, og svartand (VU), tjeld (NT) makrellterne, krykkje og storspove (EN). Det er også gjort treff for skjelsand som er klassifisert som svært viktig, lokaliteten er registrert i 2019 (ID BM00119592). Verdi grunnjevnen er større samanhengande førekomst av skjelsand med minst 50 % fragmenter frå artar med kalkskall. Data som er samla inn for førekomsten er avgrensa som ein del av nasjonalt program for kartlegging av biologisk mangfald – kyst. Førekomsten er modellert (av NIVA) basert på feltinnsamla punktdata. Førekomsten det er vist til er klippet til berre å dekke dei områdene der skjelsand er sannsynleg. Plassering og naturgrunn lag er oppgitt til: Førekomst noko inn i Herøyfjorden. Førekomsten ligg i område som er beskytta til middels eksponert for bølger. Førekomsten er 710 753 m<sup>2</sup> stor.

Det er ca. 400 m vest for utsleppspunktet i Krabbeleida og Langholmsundet registrert eit svært viktig blautbotenområde i strandsona. I tillegg til dei botenlevande dyra er grunne blautbotenområde viktige for sjø- og vårtmarksfugl.

## Vassforvaltning

Regional vassforvaltningsplan har satt mål om at miljø tilstanden for området skal vere god økologisk og kjemisk tilstand. Ved gjennomgang av data i vann-nett kan vi sjå at førekomsten i dag har god økologisk og kjemisk tilstand, men det er registrert ein liten grad av nærings-, organisk forureining frå settefisk lokaliteten. Denne påverknaden har ikkje ført til endringar i klassifisering av vassførekomsten. Ein kan lese ut av vann-nett at vassførekomsten Herøysundet-Røyrasundet er moderat eksponert kyst med moderat bølgeeksponering.

## Høyring

Høyring vart kunngjort i Vestlandsnytt, på kommunen si heimeside og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si heimeside, høyringsperioden var 5.12.22 - 2.1.23. Det er etter dette innhenta kommentar frå Fiskeridirektoratet.

Høyringsinnspel frå:

*Herøy kommune*

Kommunen har gjort søk i databasane: Artsdatabasen, Naturbase, Kystinfo og referert kva desse seier om området. Kommunekart (kommuneplan) er kommentert med at det er fleire naust område langsstrandsona, det er akvakulturverksemd samt badeområde med veldefinerte strender aust og vest på Moltustranda. Kommunen skriv at ein bør legge vekt på arealbruken for ålmenta og private.

Det er kommentert at delar av strandlinja er avsett til arealformål «Forretningar» og «Fritidsturmål» i kommuneplan. Det er og regulert inn eit hytteområde, men det ligg lenger vekk frå utsleppspunktet.

Konklusjonen frå kommunen er at såframt at utsleppet tynnast ut før det når land vil neppe arealbruken nærmare land i kommuneplan påverkast negativt.

*Moltruanda Grunneigarlag v/styreleiar Berit Moltu*

Innsigelsen er delt opp i punkt a. til g. Punkta er kort referert.

- a. Omhandlar plassering av røyrleidning på land og grunneigaravtale
- b. Det er fremma to ulike områder som alternativ plassering av Herøy Vasslag SA sitt påtenkte vassdeponi og reinseanlegg for drikkevatn. Grunneigarlaget meiner at ein søknad burde innehalde begge desse alternativa, dei argumenterer for at Frøystad er ein betre resipient enn Moltuvika.
- c. Grunneigarlaget meiner at rapporten frå Rundemiljøsender datert oktober 2019 er svært mangelfull, då den ikkje tek omsyn til lokale tilhøve på Moltuvika. Argumenta går på at forfattar av rapporten ikkje er kjent med at Moltuvika er den beste lokale fiskeplassen gjennom generasjonar og er populær badeplass. Det vert vidare framheva at straumretninga for utsleppet er feil og at konklusjonen i rapporten er svakt underbygga påstand vert gjenteke og gjenteke av Runde Forsking og Aurvoll i sin svake ROS analyserapport. Den gjentatte påstanden er: «at det mest sannsynleg at utslepp ikkje vil kome til overflata, og at sjølv ein låg gjennomsnittstraum på 4cm/s gir ei effektiv fortykning». Grunneigar laget saknar ein diskusjon av biodiversitet, aluminium som forureiningskjelde, og vurdering etter føre var prinsippet. Det vert til slutt i dette punktet framheva at ein svak grabbprøve konkluderer med tilstanden av botensediment er dårleg/mykje dårleg, grunneigarlaget meiner at tilstanden i god.
- d. Dette punktet er eit historisk tilbakeblikk på plansaka og kjøp av grunn for bygging av vassbehandlingsanlegget. Og er derfor ikkje referert.
- e. Dette punktet omhandlar dagens kvalitet på drikkevatn og om det er behov for reinsing. Det vert nemnd at det i dag tidvis er høgt fargetal, men at det er innanfor kravet til reinsing. Det vert trekt fram at Runde Forsking sin rapport av august 2022 om at tiltaket må sjåast i ljøs av å ha stor samfunnsnytte ved å sikre reint drikkevatn til innbyggjarane og industrien i Yre Harøy, er ein feilaktig konklusjon og berre ein gjentakning av Herøy Vasslag SA sitt forsøk på å plassering av vasstankar for lagring av vatn. Innsendar meiner at det er feil å framstille det som om industrien treng reinare drikkevatn, dei må sjølv sørge for reinsing utover den kvaliteten som leverast i dag. Til slutt vert det nemnd at søknaden ikkje er diskutert ihht. vannforskrifta.
- f. Grunneigar laget meiner at utsleppet mest sannsynleg vil øydelegge den lokalt beste fiskeplassen i bygda. Utsleppet er planlagt i gyte område for lokal fisk og at det er uoppretteleg skade. Det vert nemnd ulike fiskeartar som er i området og at det er verdifull skjelsand. Det vert trekt fram at ein må sjå konsekvensane over et langt tidsperspektiv og det totale volumet av utsleppet ikkje er synleggjort og heller ikkje sett opp mot summen av fleire punktutslepp.
- g. Dette punktet omtalar reinsemetoden som nyttar PAX med aluminium for å felle ut humus. Det vert referert til Runde Forsking og at dei har påstått at kunnskapsgrunnlaget om aluminium i humus er usikkert. Det vert teke opp toksisiteten aluminium kan ha på plankton og fisk usikkerheita ein har om moglege påverknader og at desse vil variere med pH. Det går fram klart fram av dette punktet at grunneigarlaget meiner at løyve ikkje bør gis med bakgrunn i naturmangfaldlova § 9. Det vert vidare fokusert på risikoen for akkumulering i næringskjedene og samla belastning frå utslepp.

Grunneigarlaget ber om at søknaden vert avslått og at det vert vurdert alternativ utsleppsstad som ikkje har lokale kvalitetar og betre straumtilhøve på større djup.

*Underskriftsliste – Nei til stor vatn tankar i fjellsida ovanfor tettaste busetnad, befolkninga, barnehagen på Moltustranda og punktutslepp i sjø., det er 326 personar som har underskrevet på brevet som også gjeld etablering av vasstankar.*

Det er berre referert dei synspunkta som omhandlar utslepp til sjø.

Humus i vatnet blir reinsa bort med kjemikaliar, dette medfører at det planlagde punktutsleppet i Moltuvika vil innehalde store mengder aluminium og humus over lang tid. Utslepp av aluminium blir 14,2-28.4 g/døgn. Konsentrert utslepp av aluminiumshaldig humus blir 30 m<sup>3</sup>/time på 36 meter djup. Det visast til at området er ein populær badeplass for innbyggjarane på Moltustranda og andre frå Herøy. De meiner og at dei gode fiskeplassane vil ta skade over tid når store mengder humus og aluminium vert slept ut.

*Magnar Lillestøl, klagar på søknaden frå Herøy vassverk SA*

Er bekymra for langtidseffekten eit eventuelt utslepp kan ha på vassførekomsten. Han har lagt ved ulike artiklar som syner verknadar av stoff som inneheld aluminium.

Han er uroa for den påverknaden eit utslepp ha på fisk, botndyr, fugl, mink, oter og akkumulering i næringskjelda. Han visar til at det vert fiska mange ulike artar fisk i området og hausten 2022 var det tatt kast på 30 tonn makrell.

Han trekk og fram bekymring for den samla belastninga i området, det vert omtal at det er tarefarm, smolt anlegg og kloakutslepp som går i fjorden.

*Merknader til søknad frå Lennart Lillestøl*

Det vert vist til berekraftsmål 15 «Livet på land» og at Herøy kommune har bestemt at berekraftsmåla skal stå sentralt i alt dei føre tek seg. Det vert teke opp bygging av nytt vassbehandling anlegg og påverknader dette kan gje på land. Det vert vist til at utsleppet frå vassbehandlingsanlegget vil innehalde organisk materiale (humus) og aluminium. Det er reagert på mengdene som skal sleppast ut i Moltuvika. Det vert framheva at aluminium og andre spor metall i vatn er giftig for vasslevande organismar, også i brakkvatn. Surt vatn kan forverre giftigheita av aluminium.

Innsender skriv at Moltuvika vert tilført myke ferskvatn i område som grensar til Storelva og at ein kan tenke seg at det oppstår brakkvassområde med lågare pH. Det vert vis til at når surt aluminiumsrikt ferskvatn endrar pH ved for eksempel kalking eller blanding med sjøvatn vil endringa i pH gje polymerisering av aluminium, molekylstørrelsen aukar.

Det er vanleg at fisk oppsøker ulike utsleppspunkt på jakt etter mat, det kan vere utslepp frå avløpsleidning eller som her frå vassbehandlingsanlegget. L. Lillestøl er uroa for at innblandingssonen, sona kor utsleppet blander seg med sjøvatn, vil ha så stort aluminiumsinnhold at det kan gje problem for fisk. Han er og uro for at aluminium skal akkumulera i næringskjeda og

påverke fugl. Videre blir det kommentert på moglegheita utsleppet kan ha på fiskekvaliteten og generelt på livet i sjøen.

L. Lillestøl trekk vidare fram at den finaste badeplassen i Herøy ligg ved Annasanden/Bernsanden på Moltustranda, denne vert brukt av mange på finversdagar. Han er uro for at humusen vil flyte opp og trekke inn til land.

Siste del av merknaden omhandlar at naturmangfald ikkje er tatt med i rapporten frå Runde Miljøseniter. Det vert vist til at straumrapporten syner at det ikkje er ei markert hovudstraumretning og at det i lange periodar med svak straum vil vere mindre gunstig. Moltuvika har periodevis relativt stor tilførsel av ferskvatn som gir en god gjennomstrøyming i øvre lag. Det er referert til at det i rapporten står at det er god gjennomstrøyminga og at dette tydar på at det ikkje er brakklag, dette meiner innsender at er feil og at det lett å sjå store sonar med brakkvatn ved store nedbørs periodar.

*Asplan Viak AS har på vegne av Herøy vasslag SA kommentert høyringsuttalane.*

Kommentarane til høyringsuttalane baserer seg på rapportane utarbeidd av Runde forskingscenter i 2019 og 2022. Nødvendig vassbehandling og plassering av anlegget bestemast på bakgrunn av krav i drikkevassforskrifta, beredskapsloverket samt abonnentanes ynskjer, vassverket har eit betydeleg ansvar ovanfor abonnentane og skal vere godkjent av Mattilsynet.

Alle tilhøve som gjeld grunn, anleggets plassering, utforming, sikkerheit, rettigheitar etc. høyrar til reguleringsplan og byggeprosessen. Det er berre kommentert på motsegn som omhandlar sjølve utsleppsløyve.

Motsegna er kommentert samla frå alle og ordna etter tema.

**1) Fugleartar** – Utsleppet fortynnast tilstrekkeleg før det når overflata og blir ikkje sett på som eit problem.

**2) Fiskeplassar/gyteområde** – Aluminium i sjøvatn er ikkje forbundet med nokon miljørisiko under normale tilhøve. Aluminium kan vere giftig for fisk og andre organismar ved låg pH i ferskvatn og eksponering over tid, sjå avsnitt 3.1.2 rapport frå Runde forskning 2022.

**3) Skjelsand** – Utsleppet er svært lite i forhold til avlaupet frå den kommunale slamavskiljaren i område og det er lite sannsynleg at eit større område vert nedslamma. Prøvene frå 2019 syner at det er fast og litt klebrig sediment, ikkje skjelsand (berre fragment av kalk). (Runde forskning 2019)

**4) Utslepp (fortynning og konsentrasjon av humus og aluminium)** – Humus utgjør i seg sjølv inga risiko og ville uansett blitt med elva ned til Moltuvika. Det meste av materiale i utsleppet vil spreie seg oppover i sjøen og vekk frå utsleppsstaden, avsnitt 7.4.4. (Runde Forsking 2022).

Aluminium vert ikkje rekna som ein miljøgift i sjøvatn. Aluminiumsrestar i utsleppet vil raskt bli fortynna og spreidd. Langtidseksponering er lite aktuelt, avsnitt 7.5 (Runde Forsking 2022). pH i sjø er normalt 8 og remobilisering av vatnløseleg  $Al^{3+}$  frå uløseleg Al- oksid vil berre vere mogleg i svært reduserande miljø, til dømes oksygenfattig sjøbotn (eller djupare ned i sediment). Når vatnløseleg  $Al^{3+}$  igjen kjem i kontakt med sjøvatn med normalt oksygeninnhold vil det felle ut til uløseleg aluminiumsoksid, dette skjer augeblikkeleg. I prinsippet er difor toksisitet av aluminium i sjøvatn eit ikkje-problem og difor heller ikkje overvaka av til dømes alu-produserande Hydro eller Alcoa.

**5) Badeplass** – Utsleppet innlagrast mykje djupare i sjøen og det er ikkje forventa nokon negativ effekt på badeplassane i området.

**6) Klage på rapport i 2019** – Klagane på rapporten er ikkje godt dokumentert og enkelte forhold som er etterlyst er tatt inn i rapporten frå 2022.

**7) Natronlut** – Ikkje aktuelt. Natronlut ver tilsett etter filter og er ikkje ein del av utsleppet.

**8) Klage på utlysing - berre i Vestlandsnytt** – Søknaden har vert lagt ut på kommunen og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si heimeside i tillegg til utlysing i Vestlandsnytt. Fiskeridirektoratet har motteke eige brev om saka.

**9) Tarefarm Tango Seaweed** – Avstanden frå utsleppet er for stor til å utgjere nokon risiko, samt at utsleppet innlagrast djupare i sjøen enn tang/tarebeltet veks.

**10) Påverknad av tilført ferskvatn -aluminium** – Ferskvatn frå elva vil kunne påverke elvemunningen og ikkje utsleppspunktet. Smeltevatn og nedbør vil spreia i sjøoverflata, over det saltare sjøvatnet, avsnitt 7.6 (Runde Forsking 2022).

#### Statsforvaltaren si vurdering

For å tileigne oss nok kunnskap om dei forureinande effektane utsleppet kan ha og kva kjelder som påverkar vassførekomsten har vi søknaden ved vurdering av søknaden gått igjennom den informasjonen som var vedlagt søknaden og informasjon som er tilgjengeleg på ulike databasar, høyringsinnspel er og vektlagt. For å foreta ein vurdering etter naturmangfaldlova og vassforskrifta er Naturbase og vann-nett nytta som kunnskapskjelde. For å danne eit bilete av vassførekomsten har vi også gjort søk i kystinfo og marine naturtypar. Saka har og vert diskutert med personar som jobbar på naturforvaltning hjå Statsforvaltaren. For å kartlegge utslepp frå avlaupsanlegget til Herøy kommune er det gjort søk på GIS-link og på databasen til Miljødirektoratet kor kommunen årleg skal rapportere data via Altinn.

Området er kartlagt som gyteområde for torsk og vi har vært i kontakt med Fiskeridirektoratet for uttale, men fekk denne berre munnleg da dei meinte at utsleppet ikkje ville ha ein påverknad på gyteområdet. Vi legg til grunn at dei med det meinar at fisk generelt ikkje vil bli påverka.

Uroa rundt utsleppet er knytt til innhaldet av aluminium frå reinsing av drikkevatt. Som nemnd over er aluminium eit av dei vanlegaste grunnstoffa og førekjem naturleg i botnsediment. Vår vurdering er at det det aluminiumet som nyttast til reinsing av drikkevatt ikkje vil føre med seg fare eller skade på omgjevnadane det vert slept ut i. Aluminiumet i slammet vil raskt danne uløselege hydroksidar, samstundes som det vert fortynta. Med bakgrunn i den informasjon som er gitt frå produsenten av Kemira PAX-18 vil stoffet ikkje vere bioakkumulerande, det er ut frå dette ikkje venta at langtidseffektar frå aluminium på organismar som lev i vatten.

Aluminium inngår heller ikkje i klassifiseringa av kjemisk eller økologisk tilstand av vassførekomsten, tilstandsklassen vil derfor ikkje bli endra i høve vassforskrifta § 12.

Det er utfør straummålingar nær det punktet som utsleppet er tenkt plassert, målingane som er gjort i juli-august 2019 syner straum i alle djup det meste av tida, men det er korte periodar med straumstille. Sommaren er ei tid som ofte har lågare straum enn andre delar av året, men då er



omstninga og nedbryting av organisk materiale i vassmassane større. Målingane som vart gjort på dette tidspunktet syner at det er større straum nær overflata enn ved botnen. Det ingen markert hovudstraumretning på lokaliteten, nettostraum (transport) hadde ein retning mot vest i øvre lag og mot nord nærare botnen. Runde-forsking har utfør ulike berekningar av innlagringsdjup og funne at djupare utslepp ga djupare innlagring, ved utslepp på 30 meter var innlagringa under overflata for alle dei modellerte scenaria. Når utsleppet er på 30 meter fant de at utsleppsskya vil innlagre seg i sjikt 5-7 meter over utsleppet, med kjerne på 22 meter djup. Fortynningsgrad på 40-100 x ved innlagringstidspunktet (etter 2 min). Nedstraums utsleppspunktet aukar fortynninga raskt til over 500 x i avstand ca. 100 m frå utsleppspunktet. Innblandinga av omgjevande vatn er såleis effektiv grunna straum i sjøen. Ut frå desse vurderingane er det lite sannsynleg at utsleppet vil påverke blautbotnområde som ligg 400 m lenger vest og det vil heller ikkje nå inn til stranda. For å sikre at dei modelleringane som Runde forsking har gjort stemmer med det som skjer, er det i løyvet stilt krav om ein undersøking før utsleppet tar til og eit år etter at utsleppet har starta. Ein skal da sjå på innlagringssone og om utsleppet syner til at det vert liggande slam på botnen eller om alt vert naturleg brote ned.

Når ein ser på den informasjonen som er tilgjengeleg om vassførekomsten finn ein at det er gjort mange ulike kartleggingar som gjer oss ein brei kunnskap om vassførekomsten og gjer at vi kan gjer vurderingar på om utsleppet vil ha ein påverknad. Vi kan ikkje sjå vekk frå at det er ein viss moglegheit for at det vil vere auka sedimentering i nærleiken av utsleppspunktet, det er som nemnd over satt vilkår i løyve om overvaking for å hente inn informasjon om sedimentering av humus. Suspendert stoff som kjem frå utsleppet vil raskt bli fortynna og frakta bort med vasstraumen, fortynninga er så stor at det er lite sannsynleg at det vil bli ein påverknad i strandsona. Utsleppet vil heller ikkje påverke livsgrunnlaget til fugl, verken kva gjeld næringsøk eller hekking. Utsleppet er tenkt plassert innanfor det område kor det er gjort treff for skjelsand, og det kan vere ein lokal påverknad akkurat rundt utsleppspunktet men, utsleppet vil ikkje påverke lokaliteten som heilheit.

Ved vurdering av den belastninga som vert tilført Moltuvika frå vassbehandlingsanlegget, avlaupsanlegg og andre verksemder vil ikkje utsleppet frå vassbehandlinga ha største påverknaden enn andre kjelde på resipienten, utsleppet vil bestå av ferskvatn og humus i blanda rester av fellingskjemikalium, kravet om innlagringa i vassmassane er med på å sikre ein fortynning/innblanding i vassmassane. Mengdene av aluminium i humus er ikkje av ein slik storleik at det vil føre til giftigheit.

Herøy kommune har eit mekanisk reinseanlegg for avlaup, utløpet frå dette vert leda i sjø ca. 150 m frå land. Dette er eit anlegg som og bidreg med suspendert stoff, kor myke som vert slept ut avheng av kva type reinseanlegg som vert nytta. Ein vanleg slamavskiljar held tilbake 20 % faststoff medan eit sil anlegg kan helde tilbake ca. 50% faststoff. Det er ikkje funne dokumentasjon utover at det er eit mekanisk anlegg, det er ikkje heller funne tilgjengelege resultat for prøvetaking av anlegget. At det er eit bidrag frå dette anlegget er ikkje synleggjort i dei undersøkingane som er gjort i resipienten. Ein kan derfor antar at det truleg er god spreining av organisk materiale også 150 m frå land. Når det gjeld utsleppet frå Villa Smolt så viser desse prøvene at det er ein auke i næringsstoff i vassmassane og ved botn, men den økologiske eller kjemiske tilstanden er ikkje endra som fylje av utsleppet.

Samla informasjon har gitt oss eit godt bilete på vassførekomsten og kva vi må ta omsyn til når vi gjev løyve til utsleppet. Det er derfor stilt krav til at utsleppet skal leggast så langt frå land og på den

djupne som det er søkt om, dette vil bidra til ein fortynning og innlagringa av utsleppsvatnet. Dei partiklane som sedimenterer vil over tid bli brote ned, men konsentrasjonen av aluminium vil vere så låg at det ikkje vel medføre ein giftigheit eller bioakkumulering for organismane som bryt ned humusen eller dei som igjen et desse. Vi ser det heller ikkje som sannsynleg at utsleppet vil påverke strandsona eller fiske. Når det gjeld utsleppspunktet og skjelsand er det som omtalt over berre eit lite område som vil bli råka av utsleppet. Men for at vi skal vite kva som skjer i vassførekomsten og for å auke kunnskapen om polyaluminiumhydroksyklorid (Kemira PAX-18) sin eventuelle påverknad på resipienten er det satt krav i løyve.

Med dette som bakgrunn kan vi sei det er gjort ein vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og at vi har vi komme fram til at tiltaket ikkje vil medføre skade på vassførekomsten. Dei krava som er satt i løyve til overvaking vil gjer at vi får ein betre kontroll med tilhøva i resipienten

Kommentarar til høyring

*Kommunal uttale*

Statsforvaltaren har gått igjennom dei ulike databasane som er nemnd og finn ikkje grunnlag til å rå i frå søknaden ut frå den informasjonen som ligg føre. Slik me tolkar kommunen sin uttale meiner dei at formålet med utsleppsleidningen ikkje er i konflikt med plan viss det ikkje påverkar de interessene som det er regulert til i plan.

*Moltustranda Grunneigarlag v/styreleiar Berit Moltu*

Ein del av dei merknadane som er kommentert vedkjem ikkje behandlinga av utsleppssøknaden. Statsforvaltaren kan ikkje blande seg inn i privatrettslege avtalar som ikkje vedkjem sjølve utsleppet, når det gjeld vurdering av andre lokalitetar kan vi ikkje vurdere dette viss det ikkje er ein del av søknaden. Med den informasjonen som er innhenta ser vi ikkje at det er naudsynt å avslå søknaden. Når det gjeld rapporten frå 2019 så er denne godt supplert av rapport nr. 11/2022 frå Runde Forsking. Når det gjeld drikkevasskvalitet er vi ikkje mynde for denne, men det er vår oppgåve å gjere ei vurdering etter vassforskrifta og naturmangfaldlova. Når det gjeld fellingskjemikaliumet Kemira PAX-18 har vi vurdert den informasjonen som var tilgjengeleg og finn ikkje at denne skal gje ein negativ påverknad, men det er gitt vilkår om overvaking av utsleppet for å finne ut om aluminium påverkar resipienten.

*Magnar Lillestøl*

Med bakgrunn i dokumentasjonen som er lagt ved søknaden og anna litteratur og lovverk som er tilgjengeleg har vi gjort ei vurdering av utsleppet og har stilt krav om overvaking. To av dei datablada som er lagt ved er ikkje kjemikalier som skal nyttast i vassbehandlinga og vil derfor ikkje vere ein del av utsleppet. Verksemda skal nytta Kemira PAX-18 som er godkjent til behandling av drikkevatt. Når det gjeld dyreliv, fiske og samla belastning av utslepp er dette omtala i vår vurdering.

Lennart Lillestøl

Når det gjeld påverknad av utsleppet er har vi gjort ein vurdering av denne etter naturmangfaldlova og vassforskrifta. Vi har og vurdert påverknaden av fiske og strandsone. Når det gjeld straum tilhøva har vi ikkje anna kunnskap enn det som har fram kome i søknadsbehandlinga, men for å få meir kunnskap om dette er det satt vilkår i løyvet.

#### Underskriftsliste

Når det gjeld humus med fellingskemikaliumet Kemira PAX-18 har vi vurdert den informasjonen som var tilgjengeleg og finn ikkje at denne skal gje ein negativ påverknad, men det er gitt vilkår om overvaking av utsleppet for å finne ut om aluminium påverkar resipienten. Det er ikkje venta at humus frå utsleppet vil nå strandsona heller ikkje at det vil påverke fisk.

### Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir løyve på visse vilkår Herøy vasslag SA. Med bakgrunn i dei vilkår som er gitt, meiner Statsforvaltaren i Møre og Romsdal at verksemda det er gitt løyve til ikkje vil føre til uakseptabel forureining. Vilkåra i løyve vil auke kunnskapen om vasskjelda og ein vil få vite om utsleppet vil ha ein langtidseffekt på resipienten. Vi kan ikkje sjå at utsleppet skal påverke fiskeplassane.

#### Fristar

Tabellen nedanfor gir ei oversikt på nokon av vilkåra som det er satt fristar i løyve, alle krav om prøvetaking med fristar er omtala i kap.8.

Tiltak	Frist	Jf. vilkår i løyvet
Utslepp av komponentar regulert gjennom grenseverdiar	årleg	3.1.tab. 1 og 8.1
Kartlegge botnfauna ved planlagt utsleppspunkt	Før oppstart	8.2
Verifisere at innlagring og spreining er i samsvar med søknad	Innan eit år etter oppstart	8.2
Utarbeiding av måleprogram og gjennomføring av målingar	Innan 5 år etter oppstart	8.2

### Gebyr

Vi syner til kapittel 39 i *forskrift om begrensning av forureining* (forureiningsforskrifta) om innkreving av gebyr til statskassa for vår konsesjonsbehandling og til varsel om gebyr sendt til dykk i brev av

21.11.22 Verksemda skal betale kr 74 800,- i gebyr for løyve, iht. sats 5 i § 39-4. Gebyret er justert til dei satsane som gjeld for 2023.

Ressursbruk knytt til saksbehandlinga er lagt til grunn ved fastsetting av gebyrsats. Her inngår gjennomgang av søknaden, møter og korrespondanse med søker, høyring av saka samt endeleg utforming av løyvet. Innsats frå andre fagpersonar hjå Statsforvaltaren inngår også. Samla ressursbruk er ca 2 vekeverk.

Faktura vil bli ettersendt frå Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter at fakturaen er mottatt.

## **Klage**

Partar i saka eller andre med rettsleg klageinteresse, kan klage på. Fristen for å klage er 3 veker frå underretning om vedtak er komen fram, eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal angi kva det blir klaga over, og den eller dei ønska endringane. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar av betydning for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak, slutte at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for nærare opplysningar om dette. Statsforvaltaren kan også gje meir opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betydning for saka ved etterspørsel.

Vedtaket om gebyrsats kan påklagast til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er mottatt, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klagen blir ikkje gitt oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må derfor betalast i samsvar med det som er nemnt over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste. Det var ikkje avsendar på underskriftslista, kopi er derfor ikkje sendt til desse. Ber også om at Herøy vasslag kunngjør vedtaket om løyve ut på si heimeside og i avis.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar - forureining

Gunnhild Liva Austvoll  
Senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

HERØY KOMMUNE  
Bernhard Moltumyr  
Gulbradsen

Postboks 274 6099 FOSNAVÅG

Karin Eva Nerlid  
MOLTUSTRANDA  
GRUNNEIGARLAG BA  
Lennart Lillestøl

Moltuvegen 318 6076 MOLTUSTRANDA

Nygjerdevegen 6076 Moltustranda  
41

Magnar Lillestøl  
Karl Sverre Moltumyr

Gardakroken 4 6076 MOLTUSTRANDA



## LØYVE TIL UTSLEPP AV SPYLEVATN FRÅ VASSBEHANDLINGSANLEGG - HERØY VASSLAG SA

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 jf. §§ 16. Løyvet med seinare endringar er gitt på grunnlag av opplysningar i søknaden og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 3 til og med side 9.

Dersom verksemda ynskjer å foreta endringar i driftstilhøve som kan ha betydning for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som blei lat til grunn da løyver vert gjeve eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søke Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om endringar av løyve. Verksemda bør først kontakte forureiningsmynden for å avklare behov for endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyvet tok til å gjelde, skal bedrifta gjere greie for omfanget av verksemda til Statsforvaltaren slik at vi kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Bedriftsdata

Bedrift	Herøy vasslag SA
Lokalisering/gateadresse	Kvithaug Smyra 71
Postadresse	6092 Fosnavåg
Kommune og fylke	Herøy
Org. nummer (bedrift)	956 668 824
NACE-kode og bransje	36.000 Uttak fra kilde, rensing og distribusjon av vann

### Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	
2023.0310.T	1515.0072.1	

Løyve gitt: 20.4.2023	Endringsnummer:	Sist endra:
Christian Dahl (e.f.) fagkoordinator		Gunnhild Liva Austvoll senioringeniør
<i>Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.</i>		

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Skildring
	[dato]		

## 1. Rammer for løyvet

Løyvet gjeld utslepp av forureina vatn frå produksjon av drikkevatt frå vassbehandlingsanlegg på Moltu. Løyvet er basert på utslepp av ein årleg mengde spylevatn på 126 000 m<sup>3</sup>.

## 2. Generelle vilkår

### 2.1 Avgrensing av utslepp

Dei utsleppskomponentar frå verksemda som er antatt å ha størst miljømessig betydning er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyve pkt. 3 til 9. Utslepp som ikkje er regulert på denne måten, er også omfatta av løyve så langt opplysningar om slike utslepp blei lagt fram i samband med sakshandsaminga eller har vert kjent på annan måte når vedtaket vert fatta. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyve dersom dette uttrykkeleg går fram av vilkåra i pkt. 3 til 9.

### 2.2 Plikt til å overhalde grenseverdier

Alle grenseverdier skal overhaldast innanfor dei fastsette midlingstider. Variasjonar i utslepp innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som følgjer av normal drift i ein slik grad at utsleppet kan medføre auka skade eller ulempe for miljøet.

### 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, med dette meinast utslepp til luft, vatn, støy og avfall er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert halde innanfor fastsette utsleppsgrensar, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår.

Stoffa på prioritetslista, oppførte i vedlegg 1, er blant dei mest helse- og miljøfarlege stoffa som er i bruk. Utslepp av desse stoffa er berre tillatne dersom dei er så små at dei må reknast å vere utan miljømessig betydning. Verksemda skal vere spesielt merksam på eventuell fare for utslepp av stoffa på prioritetslista.

For produksjonsprosessar det utsleppa er proporsjonale med produksjons mengde, skal eventuell reduksjon av produksjonsnivået i forhold til det som er lagt til grunn i forbindelse med sakshandsaminga, medføre ein tilsvarande reduksjon i utslepp.

### 2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha betydning for utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7.



## 2.5 Plikt til å gjennomføre tiltak ved auka fare for forureining

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å sette i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, av dette om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal snarast råd informere Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om unormale tilhøve som har eller kan betydning for forureining. Akutt forureining skal i tillegg varslast etter vilkår 7.4.

## 2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si etter internkontrollforskrifta<sup>1</sup>.

Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetane som kan føre til forureining og må kunne gjere greie for risikotilhøve. Plikta til å gjennomføre risikoanalyse følgjer av vilkår 7.1.

All aktivitet skal vere risikovurdert med tanke på det ytre miljøet.

# 3. Utslepp til vatn

## 3.1. Utsleppsavgrensingar

Følgande utsleppsavgrensingar gjeld:

Tabell 1.

Fellingskjemikalium	Stoff	Konsentrasjonsgrensar mg/l
Kemira-pax 18	Suspendert stoff (SS)	70
Kemira-pax 18	Aluminium	14,2

Med vassforskrifta fyljer det krav om overvaking. Når det vert gitt løyve til utslepp av stoffar til vatn med heimel i forureiningslova krev vassforskrifta at det gjennomførast overvaking i den vasskjelda det gjeld. Overvakinga skal vurdere effekten utsleppet har på plante- og dyresamfunn samt kjemiske tilhøve i vassførekomsten. Overvakingprogram må utarbeidast slik at ein fangar opp effektar av utsleppet og også utstrekninga av utsleppet.

---

<sup>1</sup> Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 6. desember 1996

### 3.2 Utsleppspunkt for spylevatn

Spylevatn skal førast ut i Moltuvika, 330 m frå land og til ca. 30 m djup. Avstanden frå land reknast som horisontal avstand frå strandkanten ved middelasstand. Utsleppet skal skje på ein slik måte at innblanding i vassmassane blir best mogleg, for eksempel gjennom diffusor, rørutforming eller utslippshastigheit.

Utlekking av utsleppsleidning eller liknande tiltak som kan påverkesikkerheita eller framkommelegheita i kommunens sjøområde, krev løyve av sen kommunen, jf. havne- og farvannsloven § 27.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sedimenttreng løyve etter forureiningslova, evt. godkjenning frå kommunen/Statsforvaltaren<sup>2</sup>.

## 4. Kjemikaliar

Med kjemikalium meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som er i bruk i verksemda, både som hjelpekjemikalium, til dømes begroingshindrande midlar, vaskemidlar, hydraulikkvæsker og brannbekjempingsmidlar.

For kjemikalium som blir nytta på ein slik måte at det kan føre med seg fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av kjemikalia sine helse- og miljøegenskapar på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. Også vilkår 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikalium. Ho skal ta føre seg ei løypande vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø som skuldast dei kjemikalium som blir nytta, og om det finst alternativ. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst betre alternativ, pliktar bedrifta å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe, jf. produktkontrollova<sup>3</sup>.

Stoffar aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, bringes i omsetning, eller brukas utan at de er i samsvar med krava i REACH-regelverket<sup>4</sup>.

## 5. Avfall

Verksemda pliktar så langt det er mogleg og utan urimelege kostnadar eller ulempe å unngå at det dannast avfall som følgje av verksemda. Særleg skal innhaldet av skadelege stoffar i avfall søkast avgrensast mest mogleg.

---

<sup>2</sup> Forurensningsforskriften kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider.

<sup>3</sup> Produktkontrollloven av 6.06.1979 nr. 79 § 3a

<sup>4</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH) av 30. mai 2008.

Verksemnda pliktar å sørge for at all handtering av avfall, herunder farleg avfall, skjer i medhald av gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, avfallsforskrifta<sup>5</sup>.

Verksemnda pliktar alltid å halde anlegget og områda omkring, inkludert dei næraste tilførselsvegane, i orden og fri for forsøpling.

## 6. Krav til kompetanse

Verksemnda skal ha tilstrekkeleg kunnskap om prosessen slik at det utarbeidast rutinar og miljørisikovurdering som tek i vare ytre miljø.

## 7. Førebyggande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining

### 7.1 Miljørisikoanalyse

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av alle aktivitetane ved anlegget med tanke på det ytre miljøet. Verksemnda skal vurdere resultatane i forhold til kva ho meiner er akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Verksemnda skal ha oversikt over kva for miljøressursar som kan bli påverka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemnda som kan medføre forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på verksemnda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Miljørisikoanalysen skal vere skriftleg og skal omfatte alle forhold ved verksemnda

### 7.2 Førebyggande tiltak

På bakgrunn av miljørisikoanalysen skal verksemnda iverksette risikoreduserande tiltak. Både tiltak som reduserer sannsyn og konsekvens skal vurderast. Verksemnda skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggande tiltaka.

Verksemnda pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt avgrense risikoen for akutte utslepp, inkludert akutte som følgje av til dømes brann i anlegget.

### 7.3 Etablering av beredskap

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei iverksette risikoreduserande tiltaka, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining.

---

<sup>5</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930

Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Beredskapen mot akutt forureining skal øvast i ein frekvens som er tilpassa verksemda.

#### 7.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift<sup>6</sup> om varsling av akutt forureining. Verksemda skal og så snart som råd melde slike hendingar til Statsforvaltaren. Rutinar for varsling skal vere skildra i internkontrollsystemet til verksemda.

## 8. Utsleppskontroll, overvaking og rapportering til Statsforvaltaren

### 8.1 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utslepp til vatn ved å gjennomføre målingar. Målingane skal utførast slik at dei er representative for verksemda sitt faktiske utslepp og skal omfatte:

- Utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar fastsett i tabell 1. under punkt 3.1.
- Verifisere at utsleppstala som vart nytta i søknaden i forhold til mengde vert overhalde.
- Utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig betydning og dermed er omfatta av rapporteringsplikta.

Verksemda skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstrøyming – prøvetaking – analyse – berekning) og velje løysningar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. Det skal vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

### 8.2 Overvaking av resipienten

Verksemda skal sørge for overvaking av utsleppet til Moltuvika i samsvar til eit overvakingsprogram som inngår i verksemda sin skriftlege internkontroll.

For at verksemda skal kunne dokumenter at det ikkje skjer ein uakseptabel påverknad på resipienten må det gjennom førast ein kartlegging av botnfaua før oppstart av anlegget (null-prøve). Seinast eit år etter oppstart skal ein verifisere at innlagring og spreiding er i samsvar med det som er forventa, det skal ikkje vere teikn til nedslamming utanfor nærsona til utsleppet.

Risikovurderinga skal nyttast for å sette opp eit måleprogram som seier kor ofte ein må gjere resipient undersøking, men undersøkinga skal minst skje kvart 5. år.

Det skal overvakast kordan utsleppet påverkar den økologiske- og kjemiske tilstanden i vassførekomsten. Overvaking skal gjerast etter dei kriteria som er bestemt i vassforskrifta. I tillegg skal påverknaden av

---

<sup>6</sup> Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 9. juli 1992

aluminium kartleggast. Nye kartleggingar skal samanliknast med dei som er gjort før, det er derfor viktig at prøvene vert teke på same plass (koordinat).

Det skal i samband med overvakinga gjennomførast synfaring i strandsona inst i Moltuvika og eventuelt ta prøver for kartlegging av aluminium også her.

Overvaking skal gjennomførast av fagkyndig, uavhengig konsulent i samsvar med det godkjente overvaksingsprogrammet.

### 8.3 Rapportering av resipientovervaking

Data som innhentast ved overvaking i vatn, inkludert sediment og biota, skal registrerast i databasen Vannmiljø. Data leverast på Vannmiljø sitt importformat, som finnast på <https://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>. Her finn ein og oversikt over kva for ein informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk.

Resultata frå overvakinga skal sendast Statsforvaltaren når dei ligg føre.

## 9. Årleg rapportering til Statsforvaltaren

Verksemda skal innan 1. mars kvart år rapportere miljødata og eventuelle avvik for føregåande år via [www.altinn.no](http://www.altinn.no). Miljødata omfattar blant anna produksjonsmengder, avfallsmengder og resultat frå utsleppskontroll. Rapporteringa skal skje i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemdas eigenrapportering, sjå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no).

## 10. Sanitæravløpsvatn

Verksemda pliktar å følgje kommunen sine krav for utslepp av sanitæravløpsvatn.

Dette løyvet grip ikkje inn i kommunen sin rett til å stille krav ved eventuell tilknytning til eit kommunalt nett.

## 11. Eigarskifte

Dersom verksemda blir overdratt til ny eigar, skal melding om dette sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal så snart som mogleg og seinast 1 månad etter eigarskiftet.

## 12. Nedlegging eller stans i verksemda

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureiningar. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til

forureiningar etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid i førevegen meldast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Alt som er lagra av avfall, skal leverast til godkjent mottak eller sluttbehandling. Tiltaka som finn stad i samband med dette, skal rapporterast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan 3 månader etter nedlegginga eller stansen. Rapporten skal innehalde dokumentasjon på disponeringa av avfallet og namna på dei verksemdene som har overtatt avfallet.

## 13. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som blir bemyndiga av denne, føre tilsyn med anlegga til ei kvar tid.

## VEDLEGG 1

### Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.3 og 4.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig betydning

#### Metall og metallforbindelsar:

	Forkortingar
Arsen og arsenforbindelsar	As og As-forbindelsar
Bly og blyforbindelsar	Pb og Pb-forbindelsar
Kadmium og kadmiumforbindelsar	Cd og Cd-forbindelsar
Krom og kromforbindelsar	Cr og Cr-forbindelsar
Kvikksølv og kvikksølvforbindelsar	Hg og Hg-forbindelsar

#### Organiske forbindelsar:

Bromerte flammehemmarar:	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

#### Klorerte organiske forbindelsar

1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksinar og furanar	Dioksinar, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> (kloralkanar C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> (kloralkanar C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzenar	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylar	PCB
Triklorbenzen	TCB

Tetrakloreten	PER
Triklloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

---

**Enkelte tensid:**

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

---

**Alkylfenolar og alkylfenoletoksyatar:**

Nonylfenol og nonylfenoletoksyatar	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyatar	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

---

**Per- og polyfluorete alkylforbindelsar (PFAS)**

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelsar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelsar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og forbindelsar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelsar
Langkjeda perfluorete karboksylsyrer	
Perfluoroktansyre	PFOA
C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

---

**Tinnorganiske forbindelsar:**

Tributyltinnforbindelsar	TBT
Trifenyltinnforbindelsar	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelsar	DBT
Dioktyltinnforbindelsar	DOT

---



<b>Polysykliske aromatiske hydrokarbonar</b>	PAH
<hr/>	
<b>Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)</b>	DEHP
<hr/>	
<b>Bisfenol A</b>	BPA
<hr/>	
<b>Siloksanar</b>	
<hr/>	
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4
<b>Benzotriazolbaserte UV-filter</b>	
<hr/>	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylfenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)fenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)fenol	UV-350
<hr/>	